Fag:	**NORSK 1**
Kode:	NO130-C
Studiepoeng:	30
Vedtatt:	Vedtatt av Avdelingsstyret i møte 17. juni 2003 (sak A30/03), med senere justeringer av dekan våren 2006.

Inndeling av fagplanen:

1. Nasjonal rammeplan
2. Innleiing til lokal fagplan
3. Innhald
4. Organisering og arbeidsformer
5. Vurderingsordning
6. Pensum og kunnskapskjelder

1. Nasjonal rammeplan

(Det som står her i del 1, er direkte sitat frå den nasjonale rammeplanen)

Formål og eigenart

Norsk er eit danningsfag, eit estetisk fag og eit språkfag. Språket er grunnleggjande for tenking, forståing, oppleving og kommunikasjon. Det gjer norskfaget til eit sentralt fag i skolen og i lærarutdanninga. Studentane skal utvikle eit fagleg og didaktisk grunnlag for undervisning i norskfaget i grunnskolen, i samsvar med det gjeldande læreplanverket. Gjennom utdanninga skal dei styrkje si eiga allmenndanning og sin estetiske sans og utvikle eigen identitet i respekt for andre sin kultur og andre sine verdiar. Dei skal tileigne seg teoretisk kunnskap og praktisk erfaring i arbeid med språk og tekstar.

Studentane skal utvikle innsikt i det norskfaglege arbeidet til elevane og vere i stand til å hjelpe dei til å setje seg inn i dei faglege emna og lære av dei tekstane ein arbeider med i faget. Dei skal også tileigne seg handlings- og endringskompetanse innanfor skolefaget norsk.

Norskplan med forsterka fleirspråkleg profil

Den norske skolen er i dag fleirspråkleg. Mange elevar har eit anna morsmål enn norsk. Dette har utvida perspektivet for norskopplæringa, og krev utvida kompetanse hos norsklæraren. Skolen har behov for norsklærarar med minoritetsspråkleg erfaring. Denne forsterka rammeplanen i norsk kan gjevast som tilbod til studentar med anna morsmål enn norsk. Dei kursiverte delane av planen gjeld som tillegg for denne studentgruppa. Planen skil seg frå vanleg norskplan ved *fordjuping:* at studentane går djupare inn i fleirspråklege tema, og ved *forsterking:* at studentane legg større vekt på munnleg og skriftleg kommunikasjon og fagspråkforståing.

I arbeid med fagplanen må den enkelte institusjonen organisere norskfaget med fleirspråkleg forsterking slik at det blir tilpassa kompetansen og behovet til den enkelte studenten. For å gi plass til dei nye emna skal det i fagplanen markerast kva emne og arbeidsoppgåver som går ut eller blir reduserte for studentar som følgjer denne varianten av norskstudiet. Studentar som følgjer denne planen vil få den same formelle kompetansen i norsk som dei som følgjer ordinær norskplan, men har bare ei skriftleg målform.

Målområde

Arbeidet med målområda skal sikre eit vekselspel mellom teoretisk kunnskap, praksiserfaring, fagleg utvikling og didaktisk refleksjon.

Fagleg og fagdidaktisk kunnskap

Studentane skal

- kjenne sentrale tekstanalytiske omgrep og særtrekk ved ulike skjønnlitterære og sakprega sjangrar i ulike medium og vere i stand til å bruke denne kunnskapen i analyse og tolking av tekstar uttrykte i tale, skrift og bilete
- kunne analysere og tolke eit breitt utval av tekstar i ulike sjangrar, på bokmål og nynorsk og frå andre språkområde, mellom anna frå samisk
- kunne reflektere rundt teksttolking i eit fleirkulturelt perspektiv, både i lærarutdanninga og som lærar i fleirkulturelle elevgrupper
- ha innsikt i korleis språket er bygt opp, korleis språket varierer, og korleis det blir brukt i ulike situasjonar, m.a. i fleirspråklege miljø og kunne bruke slik innsikt i analyse av språk og språkbruk
- ha kjennskap til den norske språksituasjonen med særleg vekt på rettar knytt til minoritetsspråklege grupper og enkeltpersonar
- vere stø i å bruke norsk munnleg og skriftleg i begge målformer (gjeld ikkje studentar med fritak) og kunne skape gode, samanhengande framstillingar i varierte munnlege og skriftlege kommunikasjonssituasjonar
- kunne drøfte mål, innhald og ulike tilnærmingsmåtar i norskopplæringa, også for elevar frå språklege minoritetar, og kjenne den historiske utviklinga av norskfaget, norsk som andrespråk og morsmålsfaget for elevar frå språklege minoritetar
- kjenne til teoriar om det å vere fleirspråkleg og kunne sjå norsk i eit samanliknande perspektiv
- ha kunnskap om forholdet mellom tale og skrift og om munnleg og skriftleg språkutvikling og kunne bruke denne kunnskapen i analyse mellom anna av elevtekstar også i eit tospråkleg perspektiv
- ha innsikt i teoriar om lese- og skriveprosessen også for elevar som har eit anna morsmål enn norsk

Å vere lærar i norsk

Studentane skal

- kunne arbeide med norsk som opplæringsspråk og fagspråk i fleirspråklege elevgrupper
- kunne stimulere leselyst på ulike aldersstеg, med tanke på kjønn, interesser og kulturell bakgrunn
- kunne leggje til rette for at elevar utviklar gode lese- og skrivestrategiar og utforskar språk og tekstar i ulike medium og stimulere til allsidig bruk av munnleg språk og til utvikling av lese- og skriveglede
- kunne arbeide systematisk med varierte opplæringsstrategiar innan førebuande, grunnleggjande og vidareutviklande lese- og skriveopplæring, kjenne til korleis ein kan førebyggje lese- og skrivevanskar, og korleis ein kan hjelpe dei som treng ekstra støtte
- kunne bruke IKT og ulike typar læremiddel i norskfaget
- kunne tilpasse norskopplæringa til elevar med ulike behov, mellom anna elevar som er tospråklege eller har norsk som andrespråk
- kunne analysere og vurdere verdien av ulike prøveformer, deriblant kartleggingsprøver, også i forhold til elevar som har eit anna morsmål enn norsk

Samhandling og refleksjon

Studentane skal

- kunne kommunisere trygt munnleg og skriftleg i møte med elevar og foreldre/føresette og andre som har ansvar for barns oppvekst
- kunne reflektere over og gjere greie for norskfaget som estetisk fag og språkfag og eit fag for identitetsdanning og kulturell tilhøyrsle i eit fleirkulturelt Noreg
- kunne samarbeide med kollegaer og andre om utvikling av rettleiings- og vurderingsmåtar
- kunne leggje til rette for samarbeid om varierte norskfaglege mål i tverrfaglege og fleirfaglege tema- og prosjektarbeid og i kunstnarlege framstillingar

Vurdering i norsk

Språksituasjonen i Noreg føreset at lærarar kan bruke begge dei norske målformene. Studentane skal prøvast i skriftleg bokmål og nynorsk.

Institusjonen kan gi fritak frå prøving i ei av målformene i norsk for studentar som har samisk, kvensk, norsk teiknspråk eller eit anna minoritetsspråk som morsmål og som ikkje har vurdering i begge dei norske målformene frå vidaregåande opplæring. Det same gjeld for utanlandske studentar som ikkje har vidaregåande opplæring frå Noreg. Fritaket skal førast på vitnemålet.

2. Innleiing til lokal fagplan

Denne fagplanen gjeld den obligatoriske studieeininga i norsk i allmennlærarutdanninga. Saman med grunnleggjande lese-, skrive- og matematikkopplæring gir denne eininga det faglege og didaktiske grunnlaget for å undervise i norsk i heile grunnskolen, og for vidare studiar i norsk i allmennlærarutdanninga gjennom studieeininga.

Språkleg samhandling er eit grunnleggjande prinsipp som norskfaget i lærarutdanninga byggjer på. Den nære samanhengen mellom språk og litteratur, og mellom munnlege og skriftlege tekstar, vil bli vektlagt i studiet. Vidare vil lesing av, refleksjon over og analyse av tekstar i ulike sjangrar og av ulike tekstprodusentar skje i samspel med eiga skriving. Faget byggjer på eit utvida tekstomgrep og medvit om mangfaldet av sjangrar – skriftlege og munnlege, verbalspråklege og bildespråklege.

Norskfaget handlar om kultur, estetikk og kommunikasjon, og for å kunne undervise, må ein ha eigne røynsler å byggje på. Studiet tar sikte på å utvikle forståing av norskfaget og norskundervisninga ved refleksjon omkring faglege og fagdidaktiske grunnspørsmål.

Eit mål for studiet er at studentane blir i stand til å hjelpe elevar i grunnskolen til å heve tekstkompetansen og evna til språkleg samhandling. Det vil mellom anna seie å hjelpe fram potensialet elevane har til

- å kunne oppleve, forstå og tolke tekst
- å hente fram og vurdere informasjon i tekst
- å lære og utvikle seg gjennom skapande tekstarbeid (leseprosessar, skriveprosessar, forteljing, lytting og dramatisering)
- å kommunisere og formidle i varierte språksituasjonar

Strukturen i faget
Lærarar treng innsikt i og oversikt over skriftlege og munnlege sjangrar som er aktuelle i skolen. Dei treng auge for den samanhengen tekstane inngår i, og den funksjonen dei har for elevane. Studiet er organisert omkring fem store emneområde for å strukturere mangfaldet av tekstar og tekstverksemd:

- Forteljande tekst
- Sakprega tekst
- Poetisk tekst
- Munnleg samhandling
- Skjermtekst

Innanfor kvart av desse områda vil det bli arbeidd med eit utval tekstar frå fortid og nåtid, også tekstar forfatta av elevar i grunnskolen og studentane sjølve.

Studiearbeidet inn mot det femdelte grunnlaget er lagt opp langs tre hovudspor, som alle går gjennom heile studiet:

- Tilnærming gjennom fagteori
- Tilnærming gjennom didaktisk refleksjon
- Tilnærming gjennom praktisk arbeid med språk og tekst

Fagleg og fagdidaktisk kunnskap

Fagteori
Fagteorien i studiet er først og fremst knytt til språkleg praksis (å samtale, fortelje, lese, skrive, dramatisere, framføre) og har dermed eit funksjonelt siktemål. Det er nødvendig for både lærar og elev å beherske eit godt metaspråk (språk om språket) slik at dei skal kunne møtast i rettleiingsarbeid for å kunne studere språkforhold og språkfenomen og for å kunne utvikle medvit om eigne og andre sine tekstar.

Med **litteraturteoretisk** utgangspunkt blir det arbeidd med

- å tolke, analysere og vurdere tekstar
- å sette tekstar inn i ei kulturell og historisk ramme
- å sjå på forholdet mellom tekst, lesing og lesar
- å sette tekstar inn i ei pedagogisk ramme

Med **språkteoretisk** utgangspunkt blir det arbeidd med

- grammatikk på ord-, setnings- og tekstnivå
- funksjonell grammatikk
- rettskrivingsnormene og korleis dei har forandra seg
- dialektbruk og språkhaldningar
- barns munnlege og skriftlege språkutvikling
- norsk språk i eit samanliknande perspektiv med vekt på trekk ved språket som er vanskeleg for dei som lærer norsk som andrespråk
- sjangertrekk og stilistiske mønster
- språkstrukturar og bindingsverk i elevtekstar
- skriveroller og skriverammer elevane inngår i

Med **medieteoretisk** utgangspunkt blir det arbeidd med

- tekst og bilde i ulike medium

- medium og medieprodukt i eit større sosialt og psykologisk perspektiv
- forholdet barn og unge har til massemedia

Å vere lærar i norsk

Didaktikken i norskfaget handlar først og fremst om å reflektere omkring faglege og pedagogiske grunnlagsspørsmål, grunngi eigen undervisningspraksis og etablere ei forståingsramme omkring norsk og norskundervisning. Gjennom studiet vil ein derfor halde fast ved

eit kulturperspektiv, mellom anna ved å arbeide med
- dei historiske og samfunnsmessige dimensjonane ved faget
- tilknytinga til lokalkulturen og det lokale målføret
- tilknytinga til barnekulturen og dei kulturelle vilkåra barn lever under
- klasserommet som eit kulturforum for språkskapande og kommunikativ verksemd

eit elevperspektiv, mellom anna ved å arbeide med
- tolking og analyse av barne- og ungdomstekstar
- teoriar om barns språk og språkutvikling
- spesiell merksemd mot dei minste barna og den første lese- og skriveopplæringa
- tilpassa opplæring
- lese- og skriveutvikling på alle steg, med tanke på kjønn, interesser og kulturbakgrunn

eit skole- og klasseromsperspektiv, mellom anna ved å arbeide med
- å klargjere og drøfte overordna mål og prinsipp for faget, til dømes norskfaget som estetisk fag og språkfag
- å kople norsk inn mot andre fag og mot den totale verksemda i skolen
- å planlegge med metodisk innsikt og fantasi
- å organisere eit tekstskapande og prosessorientert rom for læring, med størst mogleg læringspotensial for elevane
- å analysere ulike vurderingsmåtar i faget

Samhandling og refleksjon

Didaktisk refleksjon bygger bru mellom teori og praksis og er dermed hovudkomponenten i studiet. Innanfor kvart av dei fem tekstområda som er nemnde i innleiinga, blir det arbeidd med
- lese- og skriveprosessar og rettleiingsstrategiar
- systematisering og formidling av praksiserfaringar, mellom anna gjennom loggskriving
- å produsere eigne tekstar i ulike sjangrar og i ulike språkleg-kommunikative samanhengar
- samtale og forteljing
- IKT-verkty
- varierte framføringsformer og medium
- dramatisering og teater
- leik med språk og tekst

Studiet bygger på at studentane gjennom studieåret driv systematisk refleksjon over fagstoffet og over sin eigen arbeids- og studieprosess, både individuelt gjennom loggskriving, og i samhandling med kvarandre, gjennom kollokviearbeid, i gruppeoppgåver og i nettseminar. Gjennom studieåret samlar studentane eigne arbeid og

gruppearbeid i ei *samlemappe*, og ut i frå denne mappa vel dei tekstar til ei individuell *presentasjonsmappe* som er grunnlaget for avsluttande vurdering i faget. Her blir evna til refleksjon over eiga læring tillagt stor vekt.

Grunnleggjande ferdigheiter i faget

I studieemnet skal dei grunnleggjande ferdigheitane, som er integrerte i kompetansemåla i grunnopplæringa, kome tydeleg fram. Dei skal verka til utvikling av og er ein del av fagkompetansen.

4. Organisering og arbeidsformer

Studiet er organisert i dei seks nemnde tekstområda: forteljande, poetisk og eksperimenterande, sakprega, munnleg samhandling, multimodal tekst og dramatisk tekst. Innafor alle dei seks tekstområda er praksis, didaktisk refleksjon og fagteori gjennomgåande tilnærmingsmåtar. Undervisningsformene er klasseromsarbeid og kollokviearbeid som vekslar med forelesingar. Klasseromsarbeidet er i stor grad verkstadprega, og studentane må delta i ein læringsprosess der dei i arbeid med tekstproduksjon, teksttolking og tekstformidling kan utvikle kunnskap og innsikt gjennom praktisk utprøving i vekselspel med teoribasert refleksjon. Dette inneber ein stor grad av eigeninnsats. Studentane vil få rettleiing på delar av arbeidet, individuelt og gruppevis.

Observasjonar og erfaringar studentane gjer i praksis, er utgangspunkt for drøfting og analyse i studiet. I praksisperiodane vil ein ha eit norskfagleg fokus knytt til eit av tekstområda, og studentane vil få høve til å ta i bruk erfaringar frå norskstudiet til å utvikle undervisningsopplegg som kan prøvast ut i skolen.

Obligatorisk studiedeltaking

- Forarbeid til og etterarbeid av praksis
- Temaarbeid og fleirfaglege prosjekt
- Verkstadarbeid (til dømes forteljeverkstad, novelleverkstad, teaterverkstad, poetisk verkstad og saktekstverkstad)
- Rettleiing og respons i samband med mappebidrag
- Studievurdering

Nærmare opplysningar om emne og tidspunkt for den obligatoriske studiedeltakinga blir gitt i dei årlege semesterplanane, som blir delte ut i starten av studieåret. Vi viser elles til Regler for frammøte og studiegang ved Avdeling for lærarutdanning og teiknspråk.

5. Vurderingsordning

Obligatoriske arbeidskrav

- Analyse av elevtekstar frå ulike trinn
- Munnleg framføring knytt til praksiserfaringar med fagteoretisk perspektiv
- Ein individuell fagtekst
- Respons på minst to tekstar av medstudentar
- Minst ein digital presentasjon av eit fagleg arbeid
- Fagprosjekt om barnelitteratur

Semesterplanane vil opplyse nærare om kvar i studiet dei ulike arbeidskrava ligg.

Obligatoriske arbeidskrav blir vurderte med vurderingsuttrykka godkjent/ikkje godkjent, og tel ikkje med ved fastsetting av endelig karakter. Endeleg karakter blir ikkje gitt før obligatoriske arbeidskrav er godkjente.

Karakteren i faget blir fastsett på grunnlag av to delar

Del 1. Mappe.
Mappa inneheld ulike arbeid som er gjort i løpet av dei to første semestra. Krav til omfang og innhald i mappa vil gå fram av eit eige skriv. Mappa blir vurdert som ein heilskap.

Del 2. Ei individuell, skriftleg prøve over to dagar.
Prøva er lagd til slutten av tredje semester og blir arrangert som ein skriveprosess over to dagar der dei 6 siste timane er under eksamensvilkår. Nærare opplysningar om sjølve arrangeringa av prøva blir gitt i semesterplanane.

Både del 1 og del 2 må være bestått for å få karakter i faget. Ved fastsetting av endeleg karakter tel del 1 2/3 og del 2 1/3.

6. Pensum og kunnskapskjelder

Pensumlistene produserast av biblioteket og finnes på følgjande adresse http://www.alt.hist.no/biblioteket/ på avdelingas heimesider. Pensumlistene redigerast av biblioteket. Spørsmål rettes til fagleg ansvarleg.